

Kjersti Linn Bakke Hopland/ Ikeland Gard
Ikeland 55
5912 SEIM

Tlf: 41 40 84 16

Lindås Kommune/ Byggesak

02.01.2018

Søknad om dispensasjon ved oppføring av bygg

Me vil med dette søka om dispensasjon i høve oppføring av bygning på Ikeland Gard.

Bygg

Det står allereie eit redskapshus på staden som vart innvilga byggeløyve i 2007. Garden er i aktiv drift, der me driv med sau. Bygningen skal brukast til vidareforedling av gardsmat i 1. etasje med kjøkken, kjøl og frys. Bygningen skal brukast til framtidig pauserom med toalett i 2. etasje. Bygningen er anslått å vere ca. 70m². Me har tidlegare leid lokale hos «Alver hjort», men dette har blitt for lite etter ønskja bruk. Vidareforedling av gardsmaten skal vere eit tillegg til noverande gardsdrift.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område og er en del av arealdelen av kommuneplanen (KPA) 2011-2023 med arealføremål LNF (landbruk-natur og friluftsliv), jf. kap. 5, og med særskilt omsyn for landbruk. Eigedomen er ein del av samanhengande jordbruksområde med stor produksjons- og eller kulturlandskapsverdi, og som er avsett til kjerneområde jordbruk, jf. KPA pkt. 7.10.

Bygninga er ikkje ein driftsbygning til gardsdriften, som me som gårdbrukarar kan sette opp sjølv (sakshandsamingsforskrifta SAK § 3-2 første ledd med veiledning : *Byggverk for fabrikkmessig produksjon og salg faller utenfor begrepet "driftsbygning i landbruket".*)

Dispensasjon

Då bygninga ikkje er ein driftsbygning i landbruket, vil me med dette søkja dispensasjon frå arealføremålet LNF. Dispensasjon skal nabovarslas. Dei vert sendt rekommendert. Vedlagt er målsatt situasjonsplan som viser avstand til nabogrenser, evt. midten av kommunal veg samt avstand til andre bygningar.

MVH

Kjersti Linn Bakke Hopland